

---

Saksnr: 2021/5653-8  
Saksbehandlar: Kristin Arnestad og Hans Inge Gløppen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.06.2021

**Tilskot til breiband 2021 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland**

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nytingnes/ Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/ Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika, Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/ Søroppedalen/ Færestanda/ Myrestrand/ Gravdal, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/ Sunndalen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/ Straumen, Almenning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/ Seljestokken, Husefest - Breivik, Husevåg, Osmundvåg/ Ura/ Hagevik/ Saltkjelen, Tytningevåg, Ramsevika, Gangsøya, Skavøy.	15 817 500 kr
Ulvik	Fem område: Paradis/ Rossvoll/ Øvregardane, Hjelmevoll/ Hydle/ Bergo/ Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygd/ Nesheim,	7 500 000 kr
Hyllestad	Espelandsområdet	1 936 440 kr
Høyanger	Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	2 392 131 kr
<b>SUM</b>		<b>27 646 071 kr</b>

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, samt restmidlar frå tidlegare år og innsparingar frå forhandlingar.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	Rest: Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjæra - Sagadalen	247 869 kr
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2 079 910 kr
Stad	Lefdalsbygda	400 000 kr
Alver	Mindre område/ einskildhustandar	685 000 kr
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevika	1 843 000 kr
Fjæler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2 009 600 kr
Voss	Øvstedalen	350 000 kr
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	400 000 kr
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyna-Hille), Grønevikneset, Fonna - Vesetvika - Bjørøyna - Vassøyna - Stemnebø, og Vikane	2 160 000 kr
Øygarden	Mindre område/ einskildhustandar	1 800 000 kr
Samnanger	Haukaneset	180 000 kr
Samnanger	Børdalen	250 000 kr
Masfjorden	Tangedalen	200 000 kr
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Litle-Færøy, Kråkevågen, Råke, Kråkeneset, Losnegård, Oddekalven, Utvær	7 800 000 kr
<b>SUM</b>		<b>20 405 379 kr</b>

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Etne kommune sendte ein søknad som ikkje blei vurdert saman med dei andre søknadane grunna manglande opplysningar. Dersom det kjem ekstra midlar til ordninga får administrasjonen fullmakt til å vurdere om kommunen kan sende ein forbetra søknad, og tildele midlar dersom søknaden oppfyller kriteria i ordninga. Dette må i så fall avklarast før konkurransen blir lyst ut. Dersom det ikkje er tilgjengelege midlar, eller søknaden blir vurdert som god nok må dei søkje på nytt neste år.

#### Samandrag

I denne saka føreslår vi å tildele midlar til breibandutbygging til 4 prosjekt i 4 kommunar. Midlane skal delfinansiere utbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut, og gje hustandar og verksemder som i dag har 30 Mbit/s breiband betre dekning. Det er fleire framlegg om å sette av meir midlar til ordninga, så dersom det skulle bli meir midlar tilgjengeleg for breibandutbygging har vi gitt dei søknadane som ikkje nådde opp ei prioritert rekkjefølge.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Skjema med evalueringskriterier - Breibandutbygging i Vestland 2021

#### Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune disponerer midlar frå staten og eigne midlar som skal gå til breibandutbygging i fylket. Størstedelen av midlane kjem frå Kommunal- og moderniserings departementet (KMD), og det er sett ei rekke vilkår for bruk av midlar. Vi lyste tidlegare i år ut midlane, og i denne saka legg vi fram tilråding på fordeling av ramma til breiband for 2021. I april 2021 handsama hovudutvalet kriteria for ordninga (PS 32/2021), og det er desse kriteria vurderingane i denne saka støttar seg på.

#### Omtale av ordninga i 2021

Midlane må tildelast i tråd med den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging. Ordninga er retta mot hustandar, og private og offentlege verksemder som i dag har eit breibandstilbod som er dårlegare enn 30 Mbit/s. Hovudkriteriet for ordninga er tal hustandar og verksemder som får tilbod om høghastigheitsbreiband som følgje av ordninga. Høghastigheitsbreiband er i denne samanheng definert som over 30 Mbit/s.

Tidlegare har det vore ulike ordningar der Nasjonal Kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) har tildelt midlar, eller godkjent innstillingane til fylkeskommunen. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvaret for ordninga. Det er likevel ei rekkje krav til korleis fylkeskommunane forvaltar midlane. Vi nemner nokre av dei meir overordna her:

Prosjekta det vert søkt om støtte til skal vera teknologinøytrale, det vil seia at det til dømes ikkje kan stillast krav om fiberbreiband. Det er også eit krav at lokale bidrag samla sett for kvar fylkeskommune skal utgjera minimum 25% av dei totale prosjektkostnadene. Fylkeskommunen har ansvar for at prosjekta blir gjennomført i tråd med regelverket for offentlig innkjøpt og statsstøtteregelverket. Som ein del av dette har vi meldt ordninga inn til ESA gjennom GBER-forordninga (gruppeunnataksordninga). Fylkeskommunen har også ansvar for å gjennomføre ei rettleiande kunnjing og for ei felles konkurranseutlysing av alle prosjekt i fylket.

Når hovudutvalet har vedteke tilskota for 2021 vil vi saman med kommunane førebu ei felles utlysing av midlar, og støtte kommunane gjennom kontraktsforhandlingar fram til kontrakt er inngått med leverandør.

#### Utlysing og søknadsomfang

Innan søknadsfristen 14. mai var det kome inn 18 søknader, frå 16 kommunar. Vi har også latt nokre kommunar gjere justeringar i søknadane, når vi har sett at det gjer prosjekta betre. Samla søknadssum etter justeringar er 54,307 mill. kr. Dei totale prosjektkostnadane er langt større. I etterkant har vi tatt ut søknaden frå Etne då den ikkje var fullstendig, vi går grundigare inn på dette seinare i saka. Under er ei oversikt over søknadane som er blitt vurdert.

Kommune	Prosjekt/Områder	Søknadssum	Tal hustandar og bedrifter
Alver	Mindre område/einskildhustandar	685 000	27
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	400 000	20
Fjaler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2 009 600	43
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyana-Hille), Grønevikneset, Fonna - Vesetvika - Bjorøyana - Vassøyana - Stemnebø, og Vikane	2 160 000	28
Hyllestad	Espelandsområdet	1 936 440	71
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2 079 910	38
Høyanger	Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	2 640 000	76

Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nyttingnes/Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika, Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/Søroppedalen/Færestranda/Myrestrand/Gravdal, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/Sunndalen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/Straumen, Almenning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/Seljestokken, Husefest - Breivik, Husevåg, Osmundvåg/Ura/Hagevik/Saltkjelen, Tytningevåg, Ramsevika, Gangsøya, Skavøy.	15 817 500	545
Masfjorden	Tangedalen	200 000	1
Samnanger	Børdalen	250 000	3
Samnanger	Haukaneset	180 000	6
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Litle-Færøy, Kråkevågen, Råke, Kråkeneset, Losnegård, Oddekalven, Utvær	7 800 000	57
Stad	Lefdalsbygda	400 000	17
Ulvik	Fem område: Paradis/Rossvoll/Øvregardane, Hjelmevoll/Hydle/Bergo/Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygdi/Nesheim,	7 500 000	200
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevika	1 843 000	48
Voss	Øvstedalen	350 000	6
Øygarden	Mindre område/einskildhustandar	1 800 000	20
<b>Totalt</b>		<b>48 051 450</b>	<b>1206</b>

I tillegg til dette leverte Etne kommune ein søknad på 6 256 000 kr. som ikkje er vurdert, så samla søknadssum er 54 307 000 kr.

#### Økonomisk ramme

Den nasjonale ramma er på 264,082 mill. kr. og Vestland har fått 22,042 mill. kr. frå KMD (8,3 %). I tillegg til dette har vi noko midlar som skriv seg frå innsparingar på eldre prosjekt og innsparingar gjennom forhandlingar.

Nasjonale kommunikasjonsmyndighet (Nkom) meiner at fylkeskommunane sjølv kan vurdere aktuelle justeringar av prosjekt f.o.m. 2018, når desse ikkje er gjennomført som planlagt. Både nedskalering og tilleggsfinansiering er nemnt som aktuelle tiltak. For Vestland fylkeskommune betyr dette at innsparte midlar på 2,1 mill. kroner frå kontraktstingingane knytt til 2019-midlane vert overført til 2021. Det same gjeld tilsegn om tilskot på 4,0 mill. kroner frå 2020-midlane til eit område som det er varsla kommersiell utbygging i. Dette tilfører årets løyving 6,1 mill. kroner ekstra.

<b>Økonomisk ramme per 15. juni 2021</b>	
Ramme frå KMD	22 042 082 kr.
Innsparingar frå eldre prosjekt og kontraktsforhandlingar	6 103 989 kr.
Sett av i PS 32/2021 til kartleggingsarbeid	- 500 000 kr.
<b>Sum tilgjengelege midlar for denne saka</b>	<b>27 646 071 kr.</b>

Det ligg også føre framlegg om større ekstratildelingar til breiband. Desse er det ikkje gjort vedtak på når vi sender frå oss saka, så eventuelle ekstramidlar bli tildelt i etterkant i tråd med prioritert liste frå denne saka.

<b>Tilråding på ekstramidlar per 15. juni 2021</b>	
Framlegg til fylkestinget 16. og 17. juni 2021	10 000 000 kr.

Budsjettforlik revidert nasjonalbudsjett	8 300 000 kr.
<b>Sum tilgjengelege midlar for denne saka</b>	<b>18 300 000 kr.</b>

Dersom alle desse midlane blir tilgjengeleg har vi 45 946 071 kr. til breiband i 2021. Dette dekker nesten alle søknadane som er blitt vurdert. I tillegg kan det kome ekstramidlar gjennom forhandlingar som blir gjennomført over sommaren 2021, og ved gjennomgang av eldre prosjekt.

#### Vurdering og prioritering mellom søknadane

Rammer - må oppfylle vilkåra i regelverket

Det første vi må gjere er å sjekke at søknadane er innanfor regelverket, og at dei opplysningane som ligg i søknadane er rette. Dekningskarta er ikkje heilt korrekte. Det er såleis ikkje 100% sikre tal på dagens dekning, og det er for tidkrevjande no å gå grundigare inn på det. Tal og grunnlag må kvalitetssikrast betre i samarbeid med kommunane før utlysinga.

Etne kommune leverte ein søknad som i hovudsak består av etablering av basestasjonar for mobil. Dette er ikkje støtteberettiga i denne ordninga, som skal vere teknologinøytral. Det står i søknaden at det er 8 hustandar i områda, og det kan vere at det kan bli gitt støtte til ei utbygging som er teknologinøytral, men kostnadane er berekna ut frå basestasjonar så det går ikkje an å vurdere no. Vi har bedt om oppklarande informasjon, men ikkje fått det før vi må ferdigstille saka. Vi har difor tatt ut søknaden frå vurderinga, men opnar om ein vidare dialog dersom det skulle kome ekstra midlar til ordninga. Elles må det søkjast på nytt til neste år.

Vi kjem til å gjennomføre ei rettleiande kunngjering på Doffin. Føremålet med denne kunngjeringa er å sjekke i marknaden om det ligg førekommersielle planar om å bygge ut breiband med NGA i dei aktuelle område dei neste tre åra. Tildeling blir gitt med atterhald om at denne kunngjeringa ikkje avdekkar kommersielle planar. Dersom det viser seg at nokre av områda vert bygd ut kommersielt, vert midlane overført til søkegode prosjekt.

#### Tildelingskriterium for 2021

Dei overordna kriteria frå Nkom ligg i botn, dei slår fast at hovudkriteriet for ordninga er tal hustandar og verksemder som får tilbod om høghastigheitsbreiband som følgje av ordninga. Hovudutval for næring har lagt vekt på følgjande kriterium:

- Dekning i dag, og betring av tilbod - tal aksessar som får tilbod
- Kostnadseffektiv utbygging, tilskot per hustand og bedrift
- Lokal finansiering. Finansieringsdel frå kommunar, hustandar, bedrifter og andre
- Effekt på verdiskaping, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet

#### Vurdering av søknadane

Vedlagt evalueringskriterier er nytta for å vekte søknadane opp mot kvarandre. Dei fire kriteria har fått poeng etter ein skala frå 1 til 5, der 5 er høgast. Nærare forklaring på evalueringskriteria er lagt ved saka.

Søknadane er rangert slik:

Kommune	Område	Tal aksessar 30 Mbit/s	Vekting	Kostnads- effektivitet	Vekting	Lokal med- finansiering	Vekting	Verdiskaping, lokal- samfunnsutv. og attraktivitet	Vekting	Samla poengsum
Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nytingnes/Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika,Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/Søroppedalen/Færestrand/Myrestrand/Gravdal, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/Sunnålen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/Straumen, Almønning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/Seljestokken, Husefest – Breivik, Husevåg, Osmundvåg/Ura/Hagevik/Saltkjelen, Tytningevåg, Ramsevika, Gangsøya, Skavøy.	5	0,45	2	0,2	2	0,2	4	0,15	3,65
Ulvik	Fem område: Paradis/Rossvoll/Øvregardane, Hjelmevoll/Hydle/Bergo/Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygd/Nesheim	5	0,45	1	0,2	2	0,2	4	0,15	3,45
Hyllestad	Espelandsområdet	2	0,45	2	0,2	4	0,2	4	0,15	2,70
Høyanger	Fire område: Bekken – Hellebøstranda – Værholm – Øvre Værholm, Ringereide – Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjæra - Sagadalen	3	0,45	1	0,2	2	0,2	4	0,15	2,55
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2	0,45	1	0,2	4	0,2	4	0,15	2,50
Stad	Lefdalsbygda	1	0,45	3	0,2	4	0,2	4	0,15	2,45
Alver	Mindre område/einskildhustandar	2	0,45	2	0,2	4	0,2	2	0,15	2,40
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevikja	2	0,45	1	0,2	3	0,2	4	0,15	2,30
Fjaler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2	0,45	1	0,2	3	0,2	3	0,15	2,15
Voss	Øvstedalen	1	0,45	1	0,2	5	0,2	3	0,15	2,10
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	1	0,45	3	0,2	1	0,2	3	0,15	1,70
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyna-Hille), Grønevikeset, Fonna - Vesetvika - Bjorøyna - Vassøyna - Stemnebø, og Vikane	1	0,45	1	0,2	2	0,2	4	0,15	1,65
Øygarden	Mindre område/einskildhustandar	1	0,45	1	0,2	3	0,2	2	0,15	1,55
Samnanger	Haukaneset	1	0,45	1	0,2	1	0,2	2	0,15	1,15
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Litle-Færøy, Kråkevåg	1	0,45	1	0,2	1	0,2	2	0,15	1,15
Samnanger	Børdalen	1	0,45	1	0,2	0	0,2	3	0,15	1,10
Masfjorden	Tangedalen	1	0,45	1	0,2	0	0,2	2	0,15	0,95

Vurdering av effekt på verdiskaping, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet har vore vanskeleg, då vi i stor grad har mangla god informasjon frå søknadane, og det har difor vore vanskeleg å skilje godt på dette kriteriet.

Når det gjeld Solund så sendte dei i første omgang inn ein søknad som var av mykje mindre økonomisk omfang. Då det var ynskeleg med større område i ein søknad, så fekk dei sende inn på nytt. Vi ser at det er urimeleg at søknaden frå Solund skal gå forbi dei to mindre områda som ligg etter på lista. Solund har ein søknadssum på 7 800 000 kr. og Samnanger og Masfjorden søker om 250 000 kr og 200 000 kr. Vi rår difor til å plassere Solund sist på prioriteringslista. Dersom alle midlar som er føreslått til breiband blir sett av, så får dei likevel ein betydeleg sum. Elles følgjer vi lista ut frå poengsummar.

Vi har søknader som langt overstig det vi har tilgjengeleg når denne saka blir sendt ut. Men truleg kjem det meir midlar til ordninga. Vi legg fram ei prioritering av dei søknadane som ikkje nådde opp i denne omgang. Så ber vi om fullmakt til å følgje opp dette administrativt i takt med at det kjem meir midlar, og prøver å få flest moglege prosjekt med i neste utlysingsrunde.

Vedtakskompetanse

Punkt 3 i reglement for hovudutval for næring. Utvalet har avgjerdsmynde i saker knytt til fordeling av statleg tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål, og i tilskotsaker vedkomande regional utvikling

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilskotet vert dekkja av midlar disponible på innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, overført frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

**Klima:** Eit godt breibandtilbod kan spare reiser i samband med mellom anna møter, og er eit godt klimatiltak

**Folkemasse:** Lik tilgang til digital infrastruktur i heile fylket er viktig

**Regional planstrategi:** Breiband blir handsama i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Strategi 3.3 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur og sikrar mobilitet og digitale tenester. Breiband er også eit sentralt tema i framlegget til ny regional plan for innovasjon og næring, og det er føreslått å starte arbeidet med ein temaplan for breiband og digitalisering

## Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å sette av midlar til følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Kinn	Tre område/pakkar: Pakke 1: Nyttingnes/Sandvika, Alværn, Eikevik, Langedalen, Svarthumle/Ramsdal, Leversund, Grovaneset-Kvalvika, Vassetshola, Lykkjebøen, Nordoppedalen/Søroppedalen/Færestranda/Myrestrand/Gravdal, Kråkeneset. Pakke 2: Nordalsfjorden/Sunndalen, Straumneset, Grøndalen, Sørpollen/Straumen, Almønning, Vemmelsvika og Raudegga. Pakke 2: Årebrot/Seljestokken, Husefest - Breivik, Husevåg, Osmundvåg/Ura/Hagevik/Saltkjelen, Tytningevåg, Rømsevika, Gangsøya, Skavøy.	15 817 500 kr
Ulvik	Fem område: Paradis/Rossvoll/Øvregardane, Hjelmvoll/Hytle/Bergo/Aurdal, Osa, Vest for Vambheimselvi til Hetleneset, og Vangsbygdi/Nesheim,	7 500 000 kr
Hyllestad	Espelandsområdet	1 936 440 kr
Høyanger	Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	2 392 131 kr
<b>SUM</b>		<b>27 646 071 kr</b>

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, , samt restmidlar frå tidlegare år og innsparingar frå kontraktsforhandlingar.

Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

Det vert truleg meir midlar tilgjengeleg for ordninga enn den som vert tilrådd tildelt i tabellen over. Når vi ferdigstiller denne saka er det ikkje gjort vedtak i fylkestinget om ekstramidlar til breiband, og vi har ikkje mottek tilskotsbrev etter revidert nasjonalbudsjett. Det kan også kome meir restmidlar gjennom kontraktsforhandlingar. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland rår vi til at administrasjonen får fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	Rest: Fire område: Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm, Ringereide - Alværa - Bosdalen, Nordeide - Berge, og Nessastrand - Nesfjora - Sagadalen	247 869 kr
Hyllestad	Rysjedalsvika med omegn	2 079 910 kr
Stad	Lefdalsbygda	400 000 kr
Alver	Mindre område/enskildhustandar	685 000 kr
Vaksdal	Tre område: Fosse, Eksingedalen og Maskjevika	1 843 000 kr
Fjaler	To område: Haugland - Gunnhildneset - Rennestraum - Hellebust - Vassliås, og Gallefoss - Grense til kommunane Høyanger og Sunnfjord	2 009 600 kr
Voss	Øvstedalen	350 000 kr
Bjørnafjorden	Lønningsdal og Midtsæter	400 000 kr
Gulen	Fire område: Nord- og sørøyane (Koksøyne-Hille), Grønevikneset, Fonna - Vesetvika - Bjorøyne - Vassøyne - Stemnebø, og Vikane	2 160 000 kr
Øygarden	Mindre område/enskildhustandar	1 800 000 kr
Samnanger	Haukaneset	180 000 kr
Samnanger	Børdalen	250 000 kr
Masfjorden	Tangedalen	200 000 kr
Solund	Lia, Nessa, Gåsvær, Tangeneset, Nautøy, Little-Færøy, Kråkevågen, Råke, Kråkeneset, Losnegård, Oddekalven, Utvær	7 800 000 kr
<b>SUM</b>		<b>20 405 379 kr</b>

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste runde.

Søknaden frå Etne kommune blei ikkje levert då den baserte mesteparten av kostnadane på bygging av mobilmaster, som kjem utanom denne ordninga. Den er difor ikkje vurdert. Vi har difor tatt ut søknaden frå vurderinga, men opnar om ein vidare dialog dersom det skulle kome ekstra midlar til ordninga. Elles må det søkjast på nytt til neste år.